

# Voss spelemannslag

## 75 år

**Konsert på Riksscenen**  
**5. november 2016**



Voss spelemannslag anno 1943. Framme frå venstre: Klaus Vethe, Brita Lunde, Eirik Ringheim (formann), Knut Skjeldal og Per Berge. Bak frå venstre: Olav N. Dolve, Knut Opheim, Torleiv Gjernes, Lars Skjervheim, Sigrd Kvåle og Anders Kjerland

## **Historia om Voss spelemannslag gjennom 75 år**

Laget vart skipa 25. mai 1941. Sigbjørn B. Osa var styremedlem i Landslaget for spelemenn på den tida, og hadde fått i oppgåve å få skipa spelemannslag i vestlandsbygdene. Då fall det naturleg å starta med Voss. I lokalavisa stod fylgjande:

*”Voss spelemannslag skal fyrst og fremst vera eit lag på hardingfela. Men også andre med interessa for denne greini av musikken er velkomne i laget. Og me vil oppmoda alle aktive spelemenn i vossabygdene om snarast å melda seg inn i Voss Spelemannslag.”*

Laget starta med øvingar i samspel, slåtteutveksling, tilskiping av konsertar og programinnslag i ymse samkomer. Fyrste gongen laget stod fram var på fest var i Voss ungdomslag 13. des. 1941, og aktiviteten i laget auka på utover i 1950 åra. I 1957 vart det til eit samarbeid med Voss ungdomslag om å skipa til folkloreprogram for turistar sumarstid.

Det var inga organisert opplæring i hardingfelespel den fyrste tida. Dei som byrja spela hardingfele måtte søkja kontakt med eldre spelemenn privat, for så etter kvart vera med på øvingar i laget. Frå 1972 starta laget med organisert opplæring for born og ungdom, og dreiv denne ”musikkskulen” fram til 2003. Då tok Voss kulturskule over grunnopplæringa på hardingfele.

I 1972 vart det vedteke at laget skulle omfatta aktivitet i bygdedans og kveding, og det vart sett i gang med øvingskveldar og kurskveldar. Denne perioden vart avgjerande for rekruttering i laget. Småkvedarane vart stifta ilag med OBA i 1993 og har levd som ei gruppe fram til i dag.

Laget og einskildutøvarar i spel dans og kveding har ei lang liste med topplasingar på landskappleikar og andre stemner.

Vossabygdene har hatt rike tradisjonar i folkemusikk i fleire hundre år. Desse tradisjonane i musikk, song og dans er ein viktig del av kulturlivet i bygda vår. Det er einskildpersonar som fører denne kulturen vidare, men spelemannslaget er eit viktig samlingsforum.

### **Større tilskipingar i laget**

Voss spelemannslag har stått for tilskipinga av Landskappleiken i 1947, 1960, 1976, 1991, 2000 og 2010, og ein rekkje vestlandskappleikar. Slike stemner skapar stor aktivitet i laget med innøving av program for konsertar, i tillegg til organisering av heile kappleiksopplegget. Laget har også nytt godt at dugnadsånda frå folk utanfor laget i slike arrangement. Stor takk til alle desse!

Laget har fleire gonger hatt utveksling med Malung spelemannslag i Sverige. Desse turane har vore til stor inspirasjon. Elles er det verdt å nemna tur til Decorah i USA i 1990 og Island i 1993, med stort programopplegg både stader.

## **Minnemarkeringar**

- Sjur Helgeland 100 år, 1958. Her vart det reist bautastein i Myrkdalen og i samband med avdukinga var stor tilskipping med innbedne spelemenn frå andre landsdelar.
- Ola Mosafinn 150 år vart markert under Vestlandskappleiken på Voss i 1978.
- Sjur Helgeland 150 år, 2008. Markeringar gjennom ulike arrangement.
- Lars Skjervheim 100 år, 2016. Minnesmarkeringar gjennom eit heilt år.

**Ole Bull Akademiet** er ein viktig samarbeidspartnar for spelemannslaget. Her har laget sitt lydarkiv som er til nytte for både institusjonane, med lydopptak tilbake frå 1911. Laget held til med øvingane sine her, spelar på kveldsætene for studentane m.m. Det har elles opp gjennom åra vore samarbeid med ulike songkor og musikklag i bygda.

**NRK si folkemusikkavdeling** har stor samling av opptak med Voss spelemannslag og einskildpersonar i laget. Det er og gjort ei rekkje fjernsynsprogram der laget er medverkande.

## **Utgjevingar av bøker, hefte og lydmateriell**

- Sjur Helgeland, minneskrift 1958
- 25 års saga Voss spelemannslag v/Jostein Mæland
- «Ola Mosafinn» v/Arne Bjørndal, nytt opplag i høve 150 års minne 1978
- "Huldra Mi", Lars Skjervheim 70 år v/Jostein Mæland i 1985
- "Ord og Tonar", Per Berge 85 år i 1989
- "Ervesylv" folkemusikksoge for vossabygdene v/Jostein Mæland i 1991
- "Mjukt og fint du", Nils Borge 100 år, hefte og lyd-kasset
- LP plate med Voss spelemannslag, gjeve ut av plateselskapet "Heilo" i 1960 åra
- "Vossingen", CD utgjeving 1991.
- "Eg er liten eg", CD med småkvedarane i 2000

## Voss spelemannslag i dag

Laget har i dag stor aktivitet på mange plan:

- Laget har faste øvingar i hardingfelespel for vaksne kvar torsdag på Ole Bull akademiet
- Laget spelar til kveldseter på Ole Bull Akademiet, og er aktive i tilskipingar som Osafestivalen og Voss Folkemusikkscene
- I samarbeid med Voss UL skipar laget til gammaldanskveldar annakvar tysdag i Voss Ungdomshall.
- Laget har tilbod om danseundervisning i m.a. springar for ungdommar.
- Det vert arbeidd med rekruttering innan både spel, dans og kveding for dei unge. Elevar ved Voss kulturskule og frå andre stader får tilbod om miljøkveldar gjennom «Juniorklubben», der ein i tillegg til å ha det kjekt i lag har
  - samspel-øving for born
  - kvedargruppe for born
  - lausdansøving for born

## Desse er med på konserten

**Hardingfele:** Leif Rygg, Håkon Asheim, Frode Borge, Arne Anderdal, Sigrid Gjelland, Tone Rørlien, Georg Gjøstein, Tore Bidne, Ragnhild Blikberg, Margunn Nordgård, Magni Rossvold, Kjersti Nordgård

**Toradar og trekkspel:** Irene Tillung, Kristoffer Kleiveland, Siri Nordgård

**Song:** Grete Skarpeid, Berit Opheim, Karen Fadnes Brattebø, Kari Finne Sognnæs

**Dans:** Håkon Dregelid, Anne Røine, Knut Blikberg, Margunn Nordgård

## Tusen takk til sponsorane våre!

- Hordaland folkemusikklag
- Voss sparebank
- Sparebankstiftinga Hardanger
- Voss kommune



